

# **BRUK AV DATAUTSTYR VED STORD UNGDOMSSKULE**

## **Generell informasjon**



- Skulen sitt datautstyr er læremiddel og kan nyttast når undervisninga legg opp til det.
- Skulen sitt datautstyr er kopla i nettverk, slik at elevane kan nytta felles ressursar innan programvare, kunne lagra arbeid i sikra områder, og nytta kraftig internettilgang.
- Elevane får egne brukarnamn, passord, e-postadresser og egne lagringsmapper.
- E-postsystemet er internettbasert og knytta til Stord kommune sin e-post server. Elevane kan motta og senda e-post på alle maskinar kopla til internett.
- All bruk av data ved skulen vert logga, og kan ved særskilde høve sporast attende til både maskin og brukar.

## **Bruksreglar**

- Brukarnamn og passord er personleg, og skal ikkje lånast ut til /nyttast av andre.
- Elevane sine private mapper er avgrensa til å romma 5MB. Elevane vert varsla når lagringsgrensa er nådd, og får deretter høve til å sletta unødvendige datafiler.
- Elevane sine lærarar og skulen sine IT-ansvarlege har rett til å lesa og gjera endringar i elevane sine lagringsmapper.
- Det skal ikkje gjerast endringar / installasjonar på datamaskinane utan samtykke frå IT-ansvarleg ved skulen.
- Elevane skal straks gje melding til lærar / vakt dersom utstyret er skada eller om ein kjem til utstyr ute av drift.

## **Internet-tilgongen**

- Skal ikkje nyttast til søking etter, eller nedlasting av materiale eller program som ikkje er i samsvar med skulen sine ønske og etiske normar.
- Skal ikkje nyttast til å leggja ut propagandamateriell for særinteresser.
- Skal ikkje nyttast til aktivitetar som elles strir imot norsk lov.

Brot på ein eller fleire av desse reglane kan føra til at eleven ikkje får nytta datautstyret ved skulen for ein kortare eller lengre periode. Dette vert avtala etter konferanse med dei føresette.

Stord ungdomsskule 6. august 2016

Anne Sissel Mugaas